

## **Oppdragsbrev frå Vestland fylkeskommune til Innovasjon Norge Vestland 2020**

Frå 1. januar 2020 har fylkeskommunane teke over oppdragsgjeveransvaret for Innovasjon Norge og Siva sine bedriftsretta ordningar Bedriftsnettverk, Mentortjenesta for gründerar, Landsdekkjande etablerartilskot, Næringshageprogrammet og Inkubasjonsprogrammet frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Kulturdepartementet. Midla er samla i ei ny øymerkt ordning under kap. 553, post 61. Tidlegare kap. 550, post 62 Bedriftsretta låne- og tilskuddsordningar i distrikta, er òg lagt inn i denne posten. Den samla løyvinga på posten er i 2020 763,3 millionar kroner, der Vestland fylke er tildelt kr 99.377.000.

Oppdragsbrevet frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet for 2020 opnar for at kvar fylkeskommune har høve til å nytte inntil kr 100 000 over posten til å dekkje kostnader fylkeskommunen har ved å utforme oppdrag og gjennomføre styringsdialog med Innovasjon Norge og Siva. Ramma er difor redusert med kr 100.000.

Det vert sett av inntil 3,0 millionar kroner til regionale etablerarfond, forvalta av Innovasjon Norge Vestland. Midla til fondet skal delvis finansierast av fylkeskommunale renteinntekter frå 2019, og delvis av midla som er sett av til bedriftsretta låne- og tilskotsordningar til distrikta under kap. 553, post 61 i statsbudsjettet.

Det er for 2020 sendt eit eige oppdragsbrev knytt til prioritering av midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket, IBU-midla.

**Totale midlar som vert overført til Innovasjon Norge Vestland frå Vestland fylkeskommune for 2020 er kr 75 477 000.**

### **1. Overordna føringar**

Dei regionale planane som ligg til grunn for prioriteringar i Vestland fylke er; Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020, som er forankra i Regional plan for verdiskaping for Sogn og Fjordane og Regional næringsplan for Hordaland. Denne forankringa gjeld fram til det er vedtatt ny regional planstrategi og nye regionale planar for Vestland.

### **Regionale utfordringar i Vestland**

Nye strukturar på region-, fylkes- og kommunenivå pregar Vestland. Det nye fylket og dei 43 kommunane i Vestland har ei viktig rolle når det gjeld tilrettelegging for lokalt nærings- og samfunnsliv. Det må no etablerast nye samarbeid, utviklast eit felles rammeverk, og leggjast til rette for gode, opne

og føreseielege prosessar for nærings- og samfunnsutviklinga i Vestland fylke. I dette arbeidet er Vestland fylkeskommune gjeve ei sentral rolle, der samfunnsoppdraget er å setja strategisk retning, engasjere og samhandla for å utvikla gode tenester og eit framtidretta Vestland. Visjonen er å vera nyskapande og berekraftig.

Vestland har ein sterk posisjon innan ei rekkje næringar med stor betydning for landet. Både havbruksnæringa og verftsindustrien har dobbel så høg sysselsettingsdel i Vestland som i landet som heilskap, og Vestland er berre slått av Rogaland i talet på sysselsette innan olje- og gassutvinning og tenester knytt til dette. Ingen fylke har heller fleire som jobbar med sjøfart og fiske og fangst. Reiselivsnæringa sin del av sysselsettinga er høgare i Vestland enn for landet som heilskap. Vestland har kring 6000 landbruksbedrifter, som er viktig for lokal sysselsetnad og busetnad. Vestland har òg store og tunge næringsklynger som er ein del av Norwegian Innovation Clusters.

I NAV Vestland si omverdsanalyse for Vestland hausten 2019 vart det trekt fram følgjande hovudtrekk for utviklinga i det nye fylket:

- Lågare fødselstal og lågare innvandring gjer at befolkninga aukar mindre enn tidlegare.
- Vi er i stor grad avhengig av innvandring, både flyktingar og arbeidsinnvandrarar, for å halde oppe folketalet. Dette gjeld særleg distriktskommunar. Om lag 30 % av arbeidsstyrken i Vestland arbeider i ein annan kommune enn heimkommunen.
- Aukande sentralisering. Flyttemønster og pendlingsmønster går i stor grad frå distriktskommunar til regionsenter og byar.
- Positiv utvikling i næringslivet, men mangel på arbeidskraft er eit aukande problem.
- Helsesektoren, industri og bygg og anlegg er eksempel på næringar som er avhengige av utanlandsk arbeidskraft.
- Det er venta befolkningsvekst i Vestland i neste tiårs periode også. Nedgangen i innvandringa gjer at den i stor grad vil være eit resultat av fødselsoverskotet. Vestland får ein aldrande befolkning i neste tiårs periode. Arbeidsstyrken vil auke i reine tall, men sysselsettingsdelen kan bli redusert. Ein stadig høgare del av arbeidsstyrken har høgare utdanning.

For Vestland fylkeskommune er Innovasjon Norge Vestland er ein sentral og viktig samarbeidspart i utviklinga av regionen, både gjennom dei programma som vert utvikla og tilbydd, men òg med sin breie og gode kompetanse.

Fylkeskommunen ber såleis Innovasjon Norge Vestland om å vere ein sparringpartner og delta aktivt på dei arenaene som bidreg til å utløyse mogeligheitene og møte utfordringane i regionen.

## **2. Oversikt over midler stilt til disposisjon for 2020**

Totale midlar som vert overført til Innovasjon Norge Vestland frå Vestland fylkeskommune for 2020 er kr 75 477 000. Desse midla skal gå til dei bedriftsretta ordningane Bedriftsnettverk, Mentortenesta for gründerar, samt Landsdekkjande etablerartilskot. Tidlegare kap. 550, post 62 Bedriftsretta låne- og tilskuddsordningar i distrikta, er òg lagt inn i denne posten.

### **Bedriftsnettverk, mentortenesta og etablerartilskot**

Innovasjon Norge Vestland si erfaring er at behova for dei ulike ordningane varierer frå år til år, og at det difor er ynskjeleg med fleksibilitet knytt til bruk av midlar i dei ulike ordningane. Vestland fylkeskommune imøteser dette, og vil at dette er tema for den styringsdialogen som skal vere mellom partane.

Signala frå Innovasjon Norge Vestland er likevel at ein har eit forventa forbruk på:

Bedriftsnettverk	kr 4 000 000
Mentortenesta	kr 1 500 000
Etablerartilskot marknadsavklaring	kr 5 000 000

### **Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distriktet**

Dette betyr at kr 64 977 000 vert stilt til disposisjon til Bedriftsretta låne- og tilskuddsordningar i distrikta.

### **Etablerarfond**

Det vert sett av inntil 3,0 millioner kroner til regionale etablerarfond, forvalta av Innovasjon Norge Vestland. Midla til fondet skal delviss finansierast av fylkeskommunale renteinntekter frå 2019, og delvis av midla som er sett av til bedriftsretta låne- og tilskotsordningar til distrikta under kap. 553, post 61 i statsbudsjettet.

### **Administrasjons- og gjennomføringskostader**

Løyvinga inkluderer administrasjons- og gjennomføringskostnader for den forvaltninga Innovasjon Noreg gjer av ordningane. Kvar fylkeskommune har ansvaret for å dekkje alle administrasjons- og gjennomføringskostnadene for sitt oppdrag til Innovasjon Noreg, i samsvar med basiskostnadsmodellen. Innovasjon Noreg sentralt bereknar vederlaget for administrasjons- og gjennomføringskostnader for kvart fylkesoppdrag basert på erfaringstal. Vederlag for særskilde satsingar utover dei ordinære tenesteleveransane, må Innovasjon Noreg avtale med den einskilde fylkeskommunen.

Ved risiko for at faktiske administrasjons- og gjennomføringskostnader overstig berekna ressursbruk, skal Innovasjon Norge varsle fylkeskommunen om dette. Eventuell overstigande ressursbruk til formålet skal avklarast med fylkeskommunen og leggast til neste års administrasjons- og gjennomføringskostnad. Dersom Innovasjon Norge har ubrukte midler til administrasjon og gjennomføring ved årets slutt, overførast dette til neste års oppdrag.

Beløpet som skal nyttast til administrasjons- og gjennomføringskostnader er ikkje spesifisert i dette oppdragsbrevet. Fylkeskommunen skal ha kvartalsvise rapporteringar av faktiske kostnader.

### **3. Mål for Innovasjon Norge sin aktivitet i Vestland**

Fylkestinget vil at FN sine berekraftsmål skal leggast til grunn for all regional planlegging.

Visjonen for Vestland, som definert i handlingsprogrammet for 2020, seier blant anna at Vestland skal støtte opp om havnæringane og bidra til å skape verdas sterkaste integrerte klynge for marin og maritim utdanning, forskning og innovasjon. Det står vidare at ein skal bidra til at indre delar av Vestland skal verte fornybar-regionen. Ein skal òg bidra til vekst og innovasjon i alle delar av fylket.

Innsatsområda som er definert i handlingsprogrammet for 2020 er:

- Omstilling
- Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon
- Vekst gjennom entreprenørskap, nyskaping og internasjonalisering
- Forsking for å styrka innovasjonsevne
- Kompetanse og karriere
- Berekraftige byar og samfunn
- Naturressursforvaltning

Måla som er kopla til vekst gjennom entreprenørskap, nyskaping og internasjonalisering er; fleire gode gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø. Dette er samanfallande med Innovasjon Norge sine eigne mål.

### **4. Fylkeskommunen si vektlegging av måla**

Handlingsprogram for innovasjon og utvikling i Vestland 2020 ligg til grunn for vektlegging av måla i regionen. Det vert forventa at Innovasjon Norge Vestland jobbar i tråd med visjonen og dei omforente innsatsområda i handlingsprogrammet.

### **5. Koordineringsbehov**

Vestland fylkeskommune er leiaren av partnerskapen for regional næringsutvikling, ansvarleg for strategisk planlegging og har det politiske ansvaret for heile breidda i det regionale samordnings- og utviklingsarbeidet. Innovasjon Norge Vestland har som formål å fremje bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsam næringsutvikling, og utløyse ulike distrikt og regionar sine næringsmessige mogeligheter gjennom å bidra til innovasjon, internasjonalisering og profilering basert på prioriteringar gjort i planane og handlingsprogrammet.

Hausten 2018 vart det signert ein partnerskapsavtale mellom Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Innovasjon Norge Vestland, SIVA, og Forskningsrådet. I avtalen vart det definert to ambisjonar ein vil samarbeide særskilt om; katapult-ordninga og klyngeprogrammet. Det vil her vere behov for god dialog spesielt rundt utviklinga av klyngeprogrammet, sidan dette er forvalta av Innovasjon Norge. Det vert forventet at Innovasjon Norge Vestland deltek aktivt i den regionale partnerskapen, og bidreg til å utvikle ein ny partnerskapsavtale med Vestland fylkeskommune, Siva og Forskningsrådet.

## **6. Særlege regionale prioriteringar**

### **Styrka satsing på entreprenørskap og lokalsamfunnsutvikling**

Den årlege styrka satsinga på entreprenørskap og lokalsamfunnsutvikling på kr 900.000, etablert av Hordaland fylkeskommune, inngår no som ein del av det totale tilskotet jamfør endringa som vart gjort frå og med 2018.

Bakgrunnen for denne satsinga er at det er viktig med ei styrka og god koordinering av alt målretta arbeid med entreprenørskap i Vestland. Partane er einige om at eit sterkt og variert økosystem for entreprenørskap, både med offentlege og private aktørar, over tid vil bidra til varige konkurransefordelar for gründerfylket Vestland. Innovasjon Norge Vestland skal vere det sentrale, operative organet for ei styrking av entreprenørskapsarbeidet i fylket.

### **Brukargruppe**

Vestland fylkeskommune ynskjer å bidra til eit inkluderande næringsliv der mangfald vert tatt i bruk som ein ressurs for innovasjon. Vi ynskjer spesielt at Innovasjon Norge Vestland har fokus på å nå, til dømes, fleire kvinner og fleire fleirkulturelle.

## **7. Krav til dokumentasjon av resultat**

Rapportering til fylkeskommunane baserer seg i hovudsak på Innovasjon Norge sitt mål- og resultatstyringssystem (MRS-indikatorer på resultat og effekt) og støttande analyser for rapportering på dei regionale oppdraga.

Innovasjon Norge skal rapportere årleg på kor stor del av midla som er henta ut for å dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader i det enkelte fylke. Dersom rådgjevingstenester og tilretteleggingsarbeid inngår i desse kostnadane, skal dette gjerast greie for i rapporteringa.

Innovasjon Norge skal i tillegg rapportere på særlege regionale prioriteringar og utarbeide fylkesvis statistikk på leveransar av finansielle og ikkje-finansielle tenester. Det bør utarbeidast slik rapportering to gongar i året, årsrapport innan 1 mars kvart år, samt halvårsrapport innan 1 september kvart år.

## **8. Styringsdialog**

Det er lagt opp til tre regionale styringsmøter i 2020 mellom Vestland fylkeskommune og Innovasjon Norge Vestland, jamfør årshjul for regional styringsdialog. Dette kan endre seg ved behov. Fylkeskommunen er ansvarleg for innkalling. Det er eit mål at på same dag som styringsmøta blir gjennomført, samlar ein den regionale partnerskapen Siva, Innovasjon Norge Vestland og Forskningsrådet til eit felles møte, jamfør partnerskapsavtalen.

Tema for styringsdialogen er blant anna endringar i behova i dei ulike ordningane, samt kvartalsvise kostnader knytt til administrasjons- og gjennomføringskostnader. Fylkeskommunen skal ha kvartalsvise rapporteringar av faktiske kostnader.

Årshjul for regional styringsdialog og felles styringsdialog vert lagt til grunn for dialog, budsjettinnspel, rapporteringsfrister og utbetalingsfrister.

Innovasjon Norge Vestland skal sende budsjettinnspel på post 61 samla sett til alle fylkeskommunane innan 15. mars, med kopi til KMD. Forslaget drøftast i nasjonalt samarbeidsforum på våren.

Innovasjon Norge Vestland skal sende forslag til nye satsingar (landsdekkande) under post 61 til fylkeskommunane innan 15. september, med kopi til KMD og NFD. Forslaget skal drøftast i nasjonalt samarbeidsforum på hausten.

## **9. Utbetaling av midler**

Fylkeskommunen skal utbetale midla til Siva i to delar: ei forskotsutbetaling innan 1. februar og ei andre utbetaling i august.

Dersom utbetalinga omfattar midlar frå andre postar enn kap 553, post 61, må det i betalingsinformasjonen gå klart fram kva kapittel og postar på statsbudsjettet utbetalinga gjeld.

Innovasjon Norge sentralt må i god tid før første utbetaling informere fylkeskommunen om kva bankkonto midla skal utbetalast, til slik at dette kan føres på oppdragsbrevet.